


# DETALJREGULERING

## Del av gnr. 107 bnr. 2 STRAUMVIKA

SVEIO KOMMUNE



**FØRESEGNER**  
September 2012

## **§1.0 GENERELT**

**§1.1 Det regulerte området er synt med grenseliner på plan datert 11.06.2012 og revidert 10.09.2012.**

§1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande formål:

1. Bebyggelse og anlegg  
Fritidsbusetnad - frittliggjande, FF1
2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur  
Køyreveg, V1  
Parkeringsplassar, P1
3. Landbruks, - natur og friluftsområde samt reindrift  
Skogbruk, S1  
Friluftsformål, F1-F2
4. Omsynssoner  
Frisikt, H140\_1-H140\_2

§1.3 Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er stadfesta kan det ikke gjerast gjeldande privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.

§1.4 Ved sidan av desse reguleringsføresegnene gjeld plan- og bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggeforskrifter.

## **§ 2.0 FELLES FØRESEGNER**

### **§ 2.1 Rekkefølgjekrav**

Før det kan gjevast byggjeløyve, må området vere tilknytt godkjent vass-

og avlaupsanlegg.

VA- anlegga skal godkjennast av Sveio kommune i samband med byggemeldinga av dei tekniske anlegga.

Før fritidsbustadane kan takast i bruk, må tilkomstvegen, V1, vere opparbeidd.

### **§ 2.2 Terrenghandsaming**

Alle terrenginngrep skal skje mest mogeleg skånsamt. Større tre og annan verdifull vegetasjon skal i størst mogeleg grad takast vare på.

### **§ 2.3 Universell utforming**

Terrenget innanfor planområdet er slik at ein ikkje kan oppnå universelt utforma uteoppholdsareal eller god tilgjengeleg tilkomst for alle hyttene. Tomt 1, 3, 4, 5 og 6 vert med skrått terrenget, medan tomt 2 er relativt flat. På tomt 4 er det for bratt til at ein kan oppnå tilgjengeleg tilkomst. Tomt 5 og 6 kan få inngang i 2.etasje.

### **§ 2.4 Energi**

Ved utforming av bygg innanfor planen skal det i tillegg til elektrisk energi leggjast til rette for alternativ energi.

### **§ 2.5 Transformatorkioskar, kabelskap o.l.**

kan oppførast i området etter nærmere avtale, og då berre der dei etter kommunen sitt skjønn ikkje er til ulempe.

### **§ 2.6 Kulturminne**

Tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt, jfr. lov om kulturminne av 1976, §8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndighetene varslast om tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

### **§ 2.7 Byggegrense**

Byggegrenser er vist på plankartet.

## **§ 3.0 BYGNINGAR OG ANLEGG**

### **§ 3.1 Fritidsbusetnad - frittliggjande**

§ 3.1.1 Innanfor området FF1 kan det førast opp frittliggjande fritidsbustader.

§ 3.1.2 For tomene 1, 3, 4, 5 og 6 skal maksimalt tillete bygd areal, BYA=130 m<sup>2</sup> inkl. eventuell garasje/anneks/bod.

Maks mønehøgd er 9,0 meter.

Maks gesimshøgd er 6,0 meter.

§ 3.1.3 For tomt 2 skal maksimalt tillete bygd areal, BYA = 200 m<sup>2</sup> inkl. eventuell garasje/anneks/bod.

Maks mønehøgd er 7,0 meter.

Maks gesimshøgd er 3,0 meter.

§ 3.1.4 På tomene 1-6 skal det vere plass til garasje/carport og i tillegg minst ein biloppstellingsplass på eigen grunn. Garasje/anneks/bod kan berre førast opp som ein del av fritidsbustaden, og ikkje som frittliggjande bygning. Grunna terrenget på tomt 4, kan ein tillate at det vert ført opp frittliggjande garasje/carport her.

- § 3.1.5 Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 27 og 40 grader.  
Takform vert fastsett i samband med byggemeldinga.  
Fritidsbustadene skal tilpassast kringliggjande busetnad i form, farge og materialbruk.
- § 3.1.6 I samband med byggjемelding av fritidsbustadene 1-6, skal det leggjast ved terrengrprofil som i tilstrekkeleg grad illustrerer planlagd utbygging og terrenginngrep (fylling/skjering) på tomta.

## **§ 4.0 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR**

### **§ 4.1 Kjøreveg**

- § 4.1.1 Området V1 skal nyttast til kjøreveg for tilgrensande eigedomar.
- § 4.1.2 V1 skal opparbeidast som felles veg med 1 kjørefelt på ca. 3,5m og 0,25m skulder.
- § 4.1.3 Mindre endringar i vegføringar kan tillatast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

### **§ 4.2 Parkeringsplassar**

- § 4.2.1 Området P1 er felles for hytteeigarane, og kan nyttast til gjesteparkering.

## **§ 5.0 LANDBRUKS-/ NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE**

### **§ 5.1 Skogbruk**

- § 5.1.1 Området S1 kan nyttast til velte- og opplagsplass for tømmer i samband med skogdrift.

### **§ 5.2 Friluftsområde**

- § 5.2.1 I områda F1 og F2 kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde.
- § 5.2.2 Så langt råd er skal eksisterande terrengrform og vegetasjon takast vare på.

## **§ 6.0 OMSYNSSONER**

### **§ 6.1 Frisikt**

§ 6.1.1 H140\_1 - H140\_2 er regulert til område for frisikt. Arealet vil i planen vere kombinert med andre føremål.

Innanfor siktsona skal det ikke vere sikthindringar som stikk høgare enn 0,5 m over vegbanen på tilstøyande veg.

Enkeltståande tre, stolpar o.l. kan stå i siktrekanten, men krav til sikkerheitssoner i hb. 231 Rekkverk må vere tilfredsstilt. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

Dato: 15.03.2012  
Rev: 11.06.2012  
Rev: 03.08.2012  
Rev: 06.09.2012  
Rev: 10.09.2012

